

Foreldreundersøkinga – Åheim skule 2016-17

Dei siste åra har Åheim skule teke del i elev-, foreldre- og lærarundersøkinga som vi bestiller frå Utdanningsdirektoratet.

Det er viktig at skulen får informasjon om korleis dykk foreldre opplever skulekvardagen til barna dykkar. Vi bed difor om at de tek dykk tid til å svare.

Undersøkelsen er sendt til dykk enten via e-post eller via mobil.

Vi vil ha inn eit svar pr. elev. Ha aktuell elev i tankane når de samarbeider om å svare.

I fjor hadde skulen lav oppslutning kring denne undersøkelsen. Kanskje var den for omfattande?

I år har vi teke bort nokre spørsmål og prioritert spørsmål som er knytt til fokusområda våre.

Kan vi klare å få ein høgare svarprosent enn i fjor? Fint om du prioritetar dette.

Sjå elles informasjon frå Utdanningsdirektoratet.

Med helsing

Bodil Holsvik rektor

Åheim Skule

Vanylven kommune



Tlf 700 30000 | Dir 700 30381 | Mob 99515013

Informasjon frå UDIR

Kva er formålet?

Formålet med Utdanningsdirektoratets Foreldreundersøking er at føresette skal få seie si meining om læring og trivsel på skolen. Resultata frå Foreldreundersøkinga blir ikkje sletta, men lagra forskriftsmessig og nytta av skolar, skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet. Data frå Foreldreundersøkinga kan òg bli brukte til forskingsformål.

Korleis blir undersøkingane gjennomførte?

Foreldreundersøkinga kan gjennomførast både vår og haust.

Det er frivillig å svare på Foreldreundersøkinga. Du treng ikkje svare på undersøkinga.

Du kan velje å hoppe over spørsmål dersom du opplever nokre av dei som ubehagelege, eller det er nokre spørsmål du ikkje vil svare på.

Behandlingsansvar og personvern

Den behandlingsansvarlege har ansvaret for å sikre at opplysningane blir behandla i samsvar med krava i personopplysningslova frå 14. april 2000 nr. 31. Det er berre den behandlingsansvarlege som har tilgang på grunnlagsdata.

Utdanningsdirektoratet har delt behandlingsansvar med skoleeigarane for Foreldreundersøkinga.

Den som svarer, fører ikkje opp namn, og det er lagt opp til svært strenge reglar for å vise resultata frå undersøkingane for både skolane sjølve, skoleeigarane og dei statlege utdanningsmyndigheitene. Dette er gjort for å redusere faren for indirekte attkjenning av personar som har svart.

Har du spørsmål?

For meir informasjon kontakt skolen din eller Utdanningsdirektoratet. Du finn òg mykje informasjon på www.udir.no/undersokelser.